



## Koordinerende eining

### Om oss

Koordinerende eining i Sogndal kommunen er organisert i ei barn/unge gruppe og ei vaksengruppe. Fagpersonane i desse gruppene jobbar til dagleg tett på brukarane.

### Leiar i barn/ungegruppa:

Jorunn Aa Albretsen

Telefon: 99 28 61 27

E-postadresse:

[jorunn.a.albretsen@sogndal.kommune.no](mailto:jorunn.a.albretsen@sogndal.kommune.no)

### Leiar i vaksengruppa

Einar Thune

Telefon: 57 62 97 30

E-post:

[einar.nils.thune@sogndal.kommune.no](mailto:einar.nils.thune@sogndal.kommune.no)



**TRENG DU  
HJELP FRÅ  
MANGE  
FAGPERSONAR  
I SOGNDAL**

*Informasjon om koordinator og  
individuell plan*

**TRENG DU HJELP FRÅ  
MANGE FAGPERSONAR I  
SOGNDAL KOMMUNE**



## Individuell plan (IP)

Individuell plan er brukar sin plan og eit samarbeidsverktøy.

Hensikt med IP er å få oversikt over:

- Kvifor du treng plan og teneste
- Kor lenge skal planen gjelda
- Kven deltek i planarbeidet
- Kven skal ha ansvar for kva
- Kva for tiltak skal prioriterast
- Når skal tiltak gjerast og når skal det evaluerast.

Dette er din plan. Den skal gje deg oversikt over måla dine som du og fagpersonane rundt deg skal jobbe mot.

Individuell plan gir deg ikkje fleire rettigheter, men sikrar at hjelpa blir betre koordinert og tilpassa dine behov

---

## Samarbeid

---

Det viktigaste med den individuelle planen, er å få til eit godt samarbeid og ei oversikt.

Planen skal sikre at du som brukar får påverke det som skal gjerast kring deg.

Samarbeidet handlar om kva du treng hjelp til, kva du kan gjere sjølv, og kven som skal hjelpe med det du ikkje klarar sjølv. Saman kan du og hjelparane i tenesteapparatet finne gode løysingar, evaluere og justere tiltak.

Retten til individuell og plikta til å utbeide individuell plan er heimla i mange ulike lovverk. Om du vil vite meir om dine rettar kan du gå inn på **lovdata.no**.



## Personleg koordinator

Koordinator hjelper meg med å:

- Vera kontaktpersonen min mellom meg og tenesteapparatet.
- Få oversikt kva eg treng hjelp til og kva eg kan klara sjølv.
- Kva for saker som skal takast opp ut frå mine behov.
- Finne dei rette samarbeidspartane til å løyse dei utfordringane eg treng hjelp til.
- Kalle inn til møte med dei samarbeidspartane som trengst for at arbeidet skal bli effektivt.
- Ta ansvar for å samarbeide med meg og andre samarbeidspartnarar om fordeling av ansvar, koordinering, framdrift og evaluering.